

Nord-Noreg i karikatur.

På anmodning optatt efter «Midnatsol».

Ungdomslærer D. Munkejord på Heimly har for ei tid sedan skreve ei mangspalta brevrekke i Karmøyposten der han legg fram eit syn på folket her nord som stykkevis er rein karikatur. Vi prentar her eit noko fyldig utdrag, og viser samstundes til lærar Rørmarks rolege svar på annan plass i dette nr.

«Inntrykket av at tilhøva er små og fattigslege her oppe, festnar seg di meir ein lærer folk og grender å kjenna».

«Han (den typiske nordlendingen) er kvikk og snar, lovar mykje, men held lite, lever flust når han tenar godt, men klagar alltid på dårlege tider anten han har noko eller ikkje. Han har ikkje sans for åndelege ting. Han er ikkje lærd. —

«Når alle desse «rasane» (nordlending, austlending og finn) vert mengde i hop, og det hender ikkje sjeldan no — vert det eit forferdeleg søl av det. Då kan me nok skyna at karakteren ikkje kan bli den fastaste, og daninga ikkje den høgaste».

«Ein skal ikkje ha kom lenge her oppe for ein skynar at det er lite kristeleg interessa og liv hernord. Storparten av folket bryr seg ikkje døyt om kristelege ting».

— «Men dei som staten set inn som hyrdar i Nord-Noreg er blinde, og i bibelen står det at ein blind ikkje kan leida en blind. Biskopen og ei mengd med prestar er liberale — og dei kristne kan ikkje arbeida saman med folk som ikkje trur Guds ord. Millom dei geistlege er det vel og fleire undermåls heroppe enn andre stader; dei trur nok rett kanskje, men gjer ingen innsats. Fleire av dei er og med og talar i ungdomslaga på dansefestar. Det er ein indre trøyst når ein kan få presten med, og før han går lyser han «velsignelsen» over «heile greida». Det kan og henda at folkelynnet står stengjande i vegen for ekte personleg kristenliv. Dei er så vinglande. Tenk og kva det vil segja at det i ætt etter ætt ikkje har vore kristeleg liv. Dei kristelege krav har ikkje havt makt over folkelivet på hundrad år».

«Mange kan lyge og bedra og tykkjer ikke det er noko gale i dat».

«Ein kan seie at jamt over står kunnskapsnivået lågare her nord enn i landet elles. — Dessutan er det nok så at trongen til kunnskap og lærdom er ikkje så stor som andre stader».